

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 18.11.2021
Sakhandsamar: **Arve Varden, Øystein Helleseth og Asle Kjørlaug**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per oktober 2021**

Arkivsak

2021/1089

Styresak 070/2021

Styremøte 25.11.2021

Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per oktober 2021 til vitende.


Administrerande direktør si vurdering

Resultatet i perioden er negativt med 1 million, som er 3,8 millionar bak budsjett. Estimerte kostnader knytt til pandemien er 1,4 millionar, som er ei positiv utvikling samanlikna med september. Aktivitet innanfor somatikk var noko bak budsjett. Det var eit meirforbruk på personalkostnader, men mindre enn førre månad. Til no i år er resultatet 17,5 millionar, som er 10,9 millionar bak budsjett. Område med meirforbruk er spesielt H-resept, medisinsk heimebehandling og personalkostnader. Det er krevjande å estimere effektane av pandemien nøyaktig i forhold til personalkostnader, men administrerande direktør registrerer at meirforbruket i perioden, og til no i år, er høgare enn kva som kan forklarast med pandemien og lønsoppgjeret. Meirforbruket er mindre enn førre månad, men vil fortsatt vere eit fokusområde framover.

Administrerande direktør held fast på prognosene med eit resultat på 20 millionar, som er 14 millionar bak budsjett. Pandemien er hovudforklaringa til avviket, og administrerande direktør understreker at ein skal sjå løvninga i 2020 og 2021 samla.

Aktiviteten innanfor somatikk, målt i DRG-poeng og utan H-resept, var i oktober 3,3 prosent lågare enn budsjett. Til no i år er aktiviteten 97,3 prosent målt mot budsjett. Aktiviteten innan psykisk helsevern (PHV) for vaksne var i perioden lågare enn plan for poliklinikk, men høgare enn plan for døgnopphald. For tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) var aktiviteten lågare enn plan både på døgn og poliklinikk. For born og unge var aktiviteten betre både i forhold til døgn og poliklinikk.

Nytolviste i perioden var fem prosent høgare enn same periode i fjor, men samtidig har ein avslutta færre pasientar enn kva som er tilvist i perioden. Både ventelisteøka og totaløka er høgare enn same periode i fjor. Administrerande direktør er nøgd med aktivitet i perioden, men det blir viktig å halde god aktivitet framover for å handtere både nytolviste og pasientar i ventelisteøka.



Gjennomsnittlig ventetid for pasientar som har starta helsehjelp, er siste månaden næraust uendra for somatikk, medan det er noko reduksjon for PHV for vaksne. Det er som venta tydelig reduksjon knytt til psykisk helsevern for barn og unge, noko som reflekterer effekt av iverksette tiltak og reduksjon i talet på tilvisingar i juli-september. Ventetid held seg låg for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Fristbrot held seg stabilt på eit lågt nivå, og bølga med fristbrot innan urologi har avtatt.

Basert på årshjulet for rapportering skal det denne månaden sjåast nærmare på tvangsvedtak, bruk av breispektra antibiotika og korridorpasientar. Alle desse er tertialvise rapporteringar.

Det er framleis ikkje råd å innhente tal knytt til tvangsvedtak, og dette blir difor ikkje rapportert. Grunnen er at det enno ikkje er mogleg å lage rapportar om tvangsvedtak etter oppdatering til DIPS Arena i psykisk helsevern. Det blir arbeidd regionalt med å få på plass denne rapporteringa. Rapportering på tvangsvedtak vil komme så snart rapportgrunnlaget blir gjort tilgjengelig.

Bruken av breispektra antibiotika skal samanliknast med bruken i 2012. Andre tertial 2021 var det forskrive 15 prosent mindre breispektra antibiotika samanlikna med 2012. Antibiotikateamet, som skal

hjelpe til med å identifisere og korrigere feilaktig bruk av breispektra antibiotika, er gjenopprettet etter ein pause under pandemien. Vi vonar at dette vil føre til ytterligare rett forskriving av breispektra antibiotika. Vi reknar med at rett bruk av breispektra antibiotika i Helse Førde vil føre til ytterlegare reduksjon av forskriving, men ikkje nødvendigvis ned til 30 prosent under bruken i 2012.

For andre tertial låg prosentvis tal korridorpasientar for det meste mellom 0,6-0,8 prosent. Dette er noko høgare enn tidlegare, men vurderinga er at talet likevel er relativt lågt. Helse Stavanger (1,5 prosent) og Helse Fonna (2,5 prosent) ligg høgare, medan Helse Bergen (0,3 prosent) ligg lågare.


Sjukefråværet i september var 6,9 prosent. Dette er 0,4 prosentpoeng lågare enn same månad i fjor, men på same nivå som førre månad. Administrerande direktør registrerer at nivået er noko høgare enn det som har vore vanleg tidlegare, men at det er positivt med nedgang i langtidsfråværet som er på linje med tidligare år.

FAG

Ventetid for ventande ved periodeslutt

Gjeld ventetid for nytleviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var:


- Somatikk: 64 dagar ved utgangen av oktober (65 i september). 61 i oktober i fjor. Altså +3 frå i fjor.
- PHV: 24 dagar ved utgangen av oktober (22 i september). 13 i oktober i fjor. Altså +11 frå i fjor.
- PBU: 27 dagar ved utgangen av oktober (22 i september). 22 i oktober i fjor. Altså +5 frå i fjor.
- TSB (rus): 18 dagar ved utgangen av oktober (12 i september). 11 i oktober i fjor. Altså +7 frå i fjor.



Ventetid - helsehjelp starta i perioden


Gjennomsnittleg ventetid for dei nytleviste som fekk starta behandling i oktober, var:

- Somatikk: 68 hittil i år (72 dagar i oktober) – måltal er 50. 67 hittil i fjor. Altså +1 frå i fjor.
- PHV: 31 hittil i år (31 dagar i oktober) – måltal er 40. 25 hittil i fjor. Altså +6 frå i fjor.
- PBU: 47 hittil i år (40 dagar i oktober) – måltal er 35. 42 hittil i fjor. Altså +5 frå i fjor.
- TSB (rus): 27 hittil i år (19 dagar i oktober) – måltal er 30. 29 hittil i fjor. Altså -2 frå i fjor.




Fristbrot – måltal 0

- Førebels registrert 72 fristbrot på behandla pasientar i oktober, svarande til 3,5 prosent av behandla i månaden (4,8 prosent i september). Gjennomsnitt for Helse Vest er 6,6 prosent.
- Førebels registrert 75 nye fristbot i oktober, svarande til 2,8 prosent av alle med frist (4,2 prosent i september).



Korridorpasientar

Del korridorpasienter er høyere enn normalt dei siste månadene. I oktober er andelen 0,8 prosent, medan gjennomsnitt for Helse Vest er 1,4 prosent.



Breispektra antibiotika

Målet er 30 prosent reduksjon i 2021 samanlikna med 2012. Det vil sei mindre enn 12,18 DDD/liggedøgn (DDD = definert døgndose, antatt gjennomsnittlig døgndose brukt ved preparatet sin hovedindikasjon hos voksne).

Føretak	DDD / 100 liggedøgn				DDD			100 liggedøgn				
	Siste 3 mnd	3 mnd før	% endring	Siste 12 mnd	2012	% endring	Siste 12 mnd	2012	% endring	Siste 12 mnd	2012	% endring
HELSE BERGEN HF	4,04	13,80	-70,7 %	11,59	17,75	-34,7 %	29 499	56 610	-47,9 %	2 545,21	3 188,76	-20,2 %
HARALDSPlass DIAKONALE SYKEHUS AS	3,10	11,80	-73,7 %	10,02	18,45	-45,7 %	4 464	9 244	-51,7 %	445,31	501,11	-11,1 %
HELSE STAVANGER HF	3,33	13,41	-75,2 %	11,41	18,39	-38,0 %	19 315	42 047	-54,1 %	1 693,13	2 286,11	-25,9 %
HELSE FØRDE HF	3,72	15,87	-76,5 %	12,23	17,40	-29,7 %	7 355	12 415	-40,8 %	601,42	713,38	-15,7 %
HELSE FONNA HF	3,88	17,22	-77,4 %	13,77	19,29	-28,6 %	12 777	21 351	-40,2 %	927,96	1 106,68	-16,1 %
Totalt	3,72	14,25	-73,9 %	11,82	18,17	-35,0 %	73 410	141 667	-48,2 %	6 213,03	7 796,04	-20,3 %

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 738	1 779	-42	1 673	65	17 069	17 716	-647	15 966	1 103
DRG-poeng poliklinikk, A	429	492	-62	468	-39	4 383	4 387	-3	4 021	362
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	87	90	-3	89	-2	1 522	1 654	-132	1 635	-113
DRG-poeng tilhørende andre regionar, (B)	76	50	26	43	33	644	596	48	499	145
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 330	2 410	-80	2 273	57	23 618	24 352	-734	22 121	1 497
DRG-poeng behandla andre regionar, (C)	111	155	-44	148	-37	1 228	1 437	-209	1 201	27
Sum DRG-poeng eigne pasientar (A+C)	2 365	2 516	-151	2 378	-13	24 202	25 193	-991	22 823	1 379
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 328	1 349	-21	1 302	26	12 963	12 510	453	11 919	1 044
Tal sjukehusopphald	1 572	1 566	6	1 503	69	15 311	15 771	-460	14 361	950
Tal polikliniske konsultasjonar	10 204	10 870	-666	10 460	-256	102 041	99 743	2 298	89 548	12 493
DRG indeks	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
Dag/døgn	0,599	0,610	-0,011	0,596	0,003	0,604	0,626	-0,023	0,608	-0,004
Poliklinikk	0,042	0,045	-0,003	0,045	-0,003	0,043	0,044	-0,001	0,045	-0,002


Perioden

Aktiviteten i perioden var 4,9 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 1,2 prosent lågare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 3,3 prosent lågare enn budsjett (- 80 poeng) og 2,5 prosent høyare enn førre året (+ 57 poeng).

Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 1,8 prosent høyare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar, og 12,5 prosent høyare enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 3,0 prosent lågare enn budsjett (- 734 poeng) og 6,8 prosent høyare enn fjoråret (+ 1497 poeng).

Beleggsprosent



Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 645	1 520	125	1 657	-12	14 893	15 045	-152	14 052	841
Tal utskrivne pasientar	70	90	-20	89	-19	756	859	-103	872	-116
Polikliniske kons. m/refusjon	1 923	2 392	-469	2 096	-173	18 395	21 991	-3 596	19 763	-1 368
Rus										
Tal heildøgnsopphald	456	572	-116	532	-76	5 062	5 898	-836	4 708	354
Tal utskrivne pasientar	13	21	-8	16	-3	146	204	-58	156	-10
Polikliniske kons. m/refusjon	205	271	-66	239	-34	2 051	2 480	-429	2 230	-179
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	166	138	28	131	35	1 040	1 014	26	1 137	-97
Tal utskrivne pasientar UPH	8	9	-1	8	0	67	68	-1	70	-3
Polikliniske kons. m/refusjon	1 694	1 602	92	1 566	128	15 124	14 517	607	13 886	1 238

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore svakare enn plan i perioden for poliklinikk, medan døgnpostane har hatt god aktivitet. Vi har utfordringar med vakante stillingar, og arbeider aktivt med rekruttering.

Innan TSB har aktiviteten vore lågare enn plan i perioden. Akkumulert er aktiviteten noko høgare enn førre året.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore god innan poliklinikk, og vi ligg akkumulert føre plan og fjaråret. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar. Også ved ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH) har aktiviteten vore høgare enn vanleg.

Beleggsprosent

Reell beleggsprosent for PSYKISK HELSEVERN, klokka 7



ØKONOMI

	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Prognose	Årsbudsjett
Pasientrelatert inntekt	75 990	77 714	-1 724	747 412	767 690	-20 279		920 815
Basistilskudd	186 551	182 946	3 605	1 804 752	1 778 648	26 103		2 177 841
Andre inntekter	4 509	5 609	-1 100	58 728	56 634	2 094		68 058
Sum Driftsinntekter	267 051	266 269	782	2 610 891	2 602 973	7 918		3 166 714
Varekostnader og Helsetjenester	-39 688	-40 231	543	-387 772	-388 960	1 188		-483 991
Lønn- og personalkostnader	-181 348	-175 987	-5 360	-1 771 194	-1 734 974	-36 220		-2 102 595
Øvrige kostnader	-39 482	-39 536	54	-366 605	-381 590	14 985		-461 640
Av- og Nedskriving	-7 367	-7 472	105	-67 363	-67 546	183		-82 500
Sum Driftskostnad	-267 885	-263 226	-4 659	-2 592 934	-2 573 070	-19 864		-3 130 725
Driftsresultat	-834	3 043	-3 877	17 958	29 903	-11 946		35 989
Finansresultat	-141	-210	69	-511	-1 570	1 059		-1 989
Finans	-141	-210	69	-511	-1 570	1 059		-1 989
Sum Finans	-141	-210	69	-511	-1 570	1 059		-1 989
Totalresultat	-975	2 833	-3 809	17 446	28 333	-10 887		34 000

Perioden

Resultatet i perioden er negativt med 1 million, som er 3,8 millionar bak budsjett. Estimerte kostnader knytt til pandemien er 1,4 millionar, som er ein nedgang samanlikna med september. Aktiviteten innanfor somatikk var noko bak plan. Avvik basistilskot og andre driftsinntekter er knytt til øyremerka midlar.

Driftskostnadene er samla 4,7 millionar bak budsjett. Det er knytt til personalkostnader, men positiv utvikling samanlikna med førre månad. Når det gjeld varekostnader er meirforbruk knytt til H-resept, kreftmedikament og medisinsk heimebehandling. For H-resept var det eit meirforbruk på 0,9 millionar. Resultateffekten var negativ med 1 million på grunn av lågare inntekter.

For personalkostnader var det eit meirforbuk på 5,3 millionar. Av dette er omlag 1,3 millionar knytt til pandemien og 2 millionar knytt til lønsoppgjeret. Meirforbruket er innanfor bruk av vikarar, variable tillegg og overtid, samt innleige av personell. Dette er relativt likt fordelt mellom kirurgisk og medisinsk klinikks.

Akkumulert

Resultatet til no i år er 17,5 millionar, som er 10,9 millionar bak budsjett. Driftsinntektene er 7,9 millionar betre enn budsjett, driftskostnadene er 19,9 millionar høgare enn budsjett og finans er 1 million betre enn budsjett.

Estimert effekt av pandemien er negativ med 13 millionar. Samanlikna med budsjett er resultateffekten knytt til H-resept negativ med 10,6 millionar, medisinsk heimebehandling negativ med 7,7 millionar og kreftmedikament negativ med 2,5 millionar. Pasientreiser bidreg positivt med 5,7 millionar, og gjestepasientar bidreg også positivt med 16,6 millionar. Til saman utgjer dette 11,5 millionar av avviket mot budsjett.


Når det gjeld personalkostnader er det eit meirforbruk på 36,2 millionar. Estimert effekt knytt til pandemien er 34,3 millionar, men føretaket har på same tid fått 35,4 millionar for å dekke ekstra kostnader. Dette er i hovudsak personalkostnader og er inntektsført på budsjetteknisk. Det er derfor eit meirforbruk på personalkostnader og då spesielt innanfor kirurgisk klinik.

Likviditet

Per utgangen av oktober 2021 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 229,1 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkrammme på driftskreditten med 307 millionar kroner som ikkje vert nytta.

MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i perioden 6,9 prosent. Det er 0,4 prosentpoeng lågare enn same månad i fjor, men på same nivå som førre månad. Gjennomsnittleg sjukefråvær dei siste tolv månadene er 6,6 prosent, som er på linje med 2019 og 2020.